

**Notat**Dato: 14.09.2018  
Arkivsak: 2018/12646-8  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Per Nordmark  

---

**Frå:** Gunhild Raddum  

---

**Innspel til fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel for Tysnes kommune**

Samferdselsavdelinga støtter opp om samfunnsplanen sine ambisjonar om å bygge opp om fortetting og utviding av byggeområder knytt til dei største bygdene. Dette er ei utvikling som følgjer statlege og regionale planretningslinjer for samordna bustad- areal og transportplanlegging (BATP), og som fremjar miljøvenlege transportalternativ. I samfunnsdelen blir det vist til at kollektivdekninga på Tysnes ikkje er tilfredstillande, og her kan kommunen bidra ved å vektlegge eit utbyggingsmønster som bidreg til ein meir effektivt kollektivtilbod. Vi vil oppmode kommunen om å vere varsom med ein «arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetja seg der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu» slik ei kan lese i Strategi 1 under punkt 2.4.3. Det å opne for spreidd busetting i stor grad gjer det krevjande å leggje til rette for miljøvenlege reisealternativ i tråd med nasjonale og regionale forventningar.

Vidare viser samferdselsavdelinga til punkt 2.3.3. Strategiar oppvekst. Her er mellom anna kort reisetid og økonomisk bærekraft trekt fram i strategi 1. Samferdselsavdelinga saknar fokus på trygge skuleveggar. I Regional Transportplan er det lagt vekt på å prioritere trygge skuleveggar i utviklinga av fylkesvegnettet. Rulleringa av kommunedelplan for skulebruk og barnehage må og leggje til grunn tilkomst og tilhøva langs skulevegane i vurderinga av skulestrukturen.